

**Vegleiring om utfylling av skjemaet**

Gule felt: Skal lesast/fyllast ut av alle ektefeller ved uskifte. Dette er nok dersom den døde verken etterlet seg særreige eller særkullsbarn.

I tillegg skal ein lese/fylle ut:

Grøne felt: Dersom den døde hadde særkullsbarn.

Rosa felt: Dersom den døde hadde særeige.

Det er viktig å lese teksten og fylle ut skjemaet nøyaktig.

Før ein ber om uskifte, bør ein vurdere nøye om dette er den mest hensiktsmessige ordninga for attlevande ektefelle. Kva som «løner seg» vil avhenge av mange forhold, mellom anna verdien av aktiva og kor stor gjelda er, kva for arvingar/gruppe av arvingar det eventuelt er aktuelt å sitje i uskifte med, forsikringsutbetalingar og annan arv som vil gå inn i uskiftebuet. Ikkje minst vil alder og inntektsforhold til attlevande ektefelle ha betydning. I ein del tilfelle, særleg for eldre menneske, vil uskifta bu vere den beste ordninga. Retten til å sitje i uskifta bu fell bort dersom statsforvaltaren har mottatt krav om separasjon før dødsfallet, eller søksmål om skilsmisse er mottatt av retten.

I skjemaet ERKLÆRING OM PRIVAT SKIFTE AV DØDSBU er det gitt ei orientering om arveretten til attlevande ektefelle. Det er også gitt enkelte orienteringar i dette skjemaet. Det er gitt meir utfyllande vegleiring på eigne nettsider om arv under [www.domstol.no](http://www.domstol.no). Retten kan også gi nærare orientering.

**Opplysingar om den døde**

Fullt namn:	Fødselsnr. (11 siffer):
Bustadadresse:	Dødsdato:

**Opplysingar om attlevande ektefelle**

Fullt namn:	Fødselsnr. (11 siffer):
Bustadadresse:	Telefon nr.:

**Opplysingar om arvingane etter den døde**

Dersom den døde etterlet testament/gjensidig testament, set kryss

Testamentet følgjer vedlagt i original om det ikkje var oppbevart ved ein domstol eller er sendt inn tidlegare.

Her fører ein opp alle andre arvingar etter den døde bortsett frå attlevande ektefelle og eventuelle særkullsbarn (ev. barn av særkullsbarn). Den døde sine eventuelle særkullsbarn (ev. barn av særkullsbarn) skal førast i neste rubrikk (rubrikken er merka grøn).

For arvingar som er mindreårige eller er fråtatt rettsleg handleevne, må ein føre på namn og adresse til verja på lina under den aktuelle arvingen.

**ARVINGANE ETTER DEN DØDE** (utanom eventuelle særkullsbarn som skal førast opp i det grønne feltet nedanfor):

Fullt namn	Fødselsdato	Adresse	Slektskap med den døde
1.			
2.			
3.			
4.			
5.			
6.			
7.			

Dersom det er for liten plass her, skal ein fortsetje opplistinga av arvingar på eit eige ark.

**DEN DØDE ETTERLET SEG FØLGJANDE SÆRKULLSBARN** (Skriv også opp eventuelle verjer):

Fullt namn	Fødselsdato	Adresse	Slektskap med den døde
1.			
2.			
3.			
4.			

## Uskifte med særkullsbarna til den døde



Attlevande ektefelle har ikkje krav på å sitje i uskifte med særkullsbarna til den døde. Dersom særkullsbarn ikkje samtykkjer i uskifte, må det skiftast med desse. Det resterande buet kan så tas over til uskifte med dei andre arvingane. For mindreårige særkullsbarn må statsforvaltaren (verjemålsavdelinga) samtykke. Slikt samtykke gis som regel berre dersom det er til fordel for barnet at attlevande ektefelle får høve til å sitje i fullstendig uskifte. Dette vil til vanleg kunne vere tilfelle om særkullsbarnet bur saman med den attlevande ektefellen. Samtykke kan gis på dette skjemaet eller på særskilt ark.

### Opplysingar om buet

#### Opplysingar om mogleg landbrukseigedom

Eigde den døde landbrukseigedom eller ideell del i ein landbrukseigedom (eigedom som har over 5 dekar dyrka jord eller 25 dekar produktiv skog)

Dersom ja, gi opp matrikkeleininga: gnr.          bnr.          i kommune

Dersom nei, kryss av her:

Spørsmålet må svarast på anten den døde eigde fast eigedom eller ikkje.

#### Oversikt over eigedelar og gjeld

Attlevande ektefelle skal gi ei summarisk oppgåve over sine og den døde sine eigedelar og gjeld. Rubrikkane nedanfor MÅ derfor fyllast ut.

I eit fellesbu er det ofte vanskeleg å skilje mellom det kvar av ektefellene «eig» og kven av dei som hefter for dei forskjellige gjeldspostane i fellesbuet. Det er litt enklare med omsyn til særreige, om nokon av ektefellene har det. Då har ein ektepakta, gåvbrev eller testamentsføresegner å halde seg til. Eventuelle slike dokument må leggjast ved kravet om uskifte.

For felleseige og gjeld knytt til denne er det som oftast slik at alt som ektefellene har skaffa i lag, tilhøyrer begge med like delar. Slike verdiar skal først opp i rubrikk 1 i skjemaet nedanfor. Gjeld knytt til verdiar som begge hefter for, skal først i rubrikk 6. Verdiar som den eine har arva eller skaffa aleine på annan måte, skal først opp under vedkomande i rubrikk 2 eller 3. Gjeld knytt til slike ting skal først under den som har stifta gjelda, under rubrikk 7 eller 8. Til dømes skal skattegjeld først på den som er ansvarleg for betalinga.

Gjenstandar og verdiar som i medhald av ektepakt, gåvbrev eller testament er særreige, skal først under vedkomande ektefelle sitt særreige i rubrikk 4 eller 5. Gjeld knytt til særreige skal først på tilsvarande måte under rubrikk 9 eller 10.

EIGEDELAR – summarisk Spesifiser større verdiar, summer elles verdiane under dei oppgitte hovudgruppene: Rund gjerne av til næraste heile 1000 kr.	FELLESEIGE			SÆREIGE	
	Tilhøyrer/ skaffa av begge ektefellene 1	Tilhøyrer/ skaffa av den døde ektefellen 2	Tilhøyrer/ skaffa av attlevande ektefelle 3	Tilhøyrer den døde ektefellen 4	Tilhøyrer attlevande ektefelle 5
Faste eigedommar, leilegheiter m.m. Bustadinnkot o.l.					
Næringsverksemd, tilgodehavande m.m.					
Bilar, båtar, maskiner, kapitalgjenstandar					
Innbu og lausøyre. Kunst og samlingar					
Bankinnskot, aksjar, verdipapir o.l.					
Anna formue eller verdiar av betydning					
<b>SUM FORMUE</b>					
(spesifikasjon ikkje nødvendig):	GJELD begge heftar for 6	GJELD den døde heftar for 7	GJELD attlevande heftar for 8	Den døde si særgjeld 9	Attlevande si særgjeld 10
<b>SUM GJELD</b>					

Dersom den delen den døde har råderett over er insolvent (**den døde si gjeld er større enn verdiane hans**), bør ikkje buet tas over til uskifte; dette på grunn av gjeldsansvaret.

## Samtykke til uskifte med særkullsbarn

Statsforvaltaren samtykkjer i at buet tas over i uskifte med den døde sine mindreårige særkullsbarn eller særkullsbarn som er fråtatt rettsleg handleevne, sjå arvelova § 15 andre ledd.

Dato / 20

Statsforvaltaren sitt stempel og underskrift

Underteikna myndige særkullsbarn samtykkjer i at attlevande tar over buet i uskifte med meg/oss, sjå arvelova § 15 første ledd.

(For mindreårige eller arvingar som er fråtatt rettsleg handleevne, må statsforvaltaren samtykkje og verja skrive under her.)

Dato / 20

## Uskifte med særreigemidlar

Dersom det ikkje er bestemt i ektepakt eller testament, må attlevande ektefelle ha samtykke frå dei andre arvingane for å kunne sitje i uskifte med særreiget til den døde. For mindreårige arvingar må i så fall statsforvaltaren samtykkje. Dette kan statsforvaltaren gjere i rubrikk nedanfor.

Har eller får attlevande ektefelle lov til å sitje i uskifte med særreiget til den døde, går også særreiget til den som lever lengst inn i buet om det ikkje er bestemt noko anna i ektepakt, testament eller ved avtale med arvingane, eller grunnlaget for særreiget er påbod av givar eller arvelatar.

Skal uskiftebuet omfatte særreige som får betydning for arvingane sine delar i buet ved eit seinare skifte, skal attlevande ektefelle og arvingane gjere avtale om verdiforholda mellom særreigemidla. Klarer ein ikkje å få til slik avtale sjølve, skal retten fastsetje verdiforholda.

Retten rår til at det alltid blir inngått slik avtale ved uskifte med særreigemidlar:

## Avtale om uskifte med særreigemidlar

Underskrivne arvingar etter den døde \_\_\_\_\_

samtykkjer med dette i at attlevande ektefelle \_\_\_\_\_ sit i uskifta bu med særreigemidla til den døde.

Ved framtidig skifte, i levande live eller når den som lever lengst døyr, ved testamentariske føresegner eller andre disposisjonar skal

\_\_\_\_\_ % av heile buet sjåast som delen til den som døydde først, og

\_\_\_\_\_ % som delen og eigedomen til den som lever lengst

Dato / 20

Underskrifter av alle arvingane.

For mindreårige eller arvingar som er fråtatt rettsleg handleevne, må verja skrive under.

Attlevande ektefelle

Statsforvaltaren samtykkjer i at den døde sitt særreige inngår i uskiftebuet, sjå arvelova § 14 andre ledd siste punktum.

Dato / 20

Statsforvaltaren sitt stempel og underskrift

## Mellombels verje (setteverje)

Dersom attlevande ektefelle treng samtykke for å ta over særreiget til den døde til uskifte med mindreårige arvingar som attlevande ektefelle er verje for (t.d. ektefellene sine mindreårige fellesbarn), må det nemnast opp mellombels verje (setteverje). Slik verje skal også nemnast opp dersom den mindreårige arvingen og verja har motstridande interesser i uskiftebuet. Statsforvaltaren må kontaktast for oppnemning av mellombels verje.

## Andre opplysingar

### Samtykke er ikkje nødvendig

Om det ikkje er fastsett noko anna i ektepakt eller testament, treng attlevande ektefelle aldri samtykke til å ta over felleseige i uskifte når dei andre arvingane er fellesbarna med den døde, eller eventuelt slektsarvingane til den døde om den døde ikkje etterlet seg livsarvingar.

Attlevande ektefelle treng heller ikkje samtykke frå arvingane til den summariske oppgåva over eigedelane og gjelda i buet på side 2.

### Samtykke er nødvendig

Særkullsbarn må samtykke i at attlevande ektefelle sit i uskifte med dei.

Uskifte med særreigemidla til den døde krev samtykke om det ikkje går fram noko anna av ektepakt eller testament. Ved avtale om uskifte med særreigemidlar må ein vere samde i oppgåva over buet, sjå side 2 og avtale på side 3

Dersom den døde hadde særreige som ikkje går inn i uskiftebuet, må dette skiftast mellom arvingane.

Om den døde sine særkullsbarn ikkje samtykker i uskifte, har dei krav på fullt arveoppgjer for seg. Før retten overlèt det resterande buet til delvis uskifte til attlevande ektefelle, bør særkullsbarna gi erklæring om at dei har fått arven, eller har inngått bindande avtale om skifte av den. Også andre arvingar som får fullt arveoppgjer kan gi slik

### **ERKLÆRING:**

Eg/vi arvingar etter den døde erklærer at vi har mottatt fullt arveoppgjer/inngått bindande avtale om fullt arveoppgjer og derfor ikkje har noko meir å krevje i buet etter den døde.

Dato / 20

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

## Plass for tilleggsopplysingar (Tilleggsopplysingar kan også gis på eige ark):

## Erklæring frå attlevande ektefelle

Så langt eg kjenner til, er opplysingane ovanfor rette og fullstendige.

- Den døde hadde ikkje særreige eller særkullsbarn. Eg tar over heile buet i uskifte.
- Den døde hadde særreige. (Ektepakt/gåvebrev/testament som ikkje er innlevert tidlegare, følgjer vedlagt.)
- Den døde sitt særreige er/vil bli skifta med arvingane til den døde og går ikkje inn i uskiftebuet. Eg tar over berre fellesbuet i uskifte. Heller ikkje mitt mogelege særreige går inn i uskiftebuet.
- Den døde sitt særreige er delvis skifta i medhald av inngått avtale, testament eller ektepakt (inntatt framanfor eller følgjer vedlagt).
- Den døde sitt særreige (og mitt eventuelle særreige, med unntak for særreige som har grunnlag i påbod frå givar eller arvelatar) går inn i uskiftebuet i medhald av inngått avtale, testament eller ektepakt (inntatt framanfor eller vedlagt).
- Den døde har særkullsbarn.
- Eg overtar buet i uskifte med særkullsbarn, sjå samtykke på side 3.
- Eg har skifta/vil skifte med særkullsbarna til den døde som ikkje har samtykka i uskifte. Eg tar over det resterande buet i delvis uskifte.

GJELDSANSVAR inneber at attlevande ektefelle tar på seg ansvaret for pliktene til den døde og må dekkje eit eventuelt underskot dersom gjelda til den døde er større enn formuen.

Eg tar med dette på meg fullt ansvar for gjelda og andre plikter etter den døde.

Stad: Dato: / 20 Underskrift:

Gjenlevende ektefelle  
(Se om digital signatur på [www.domstol.no](http://www.domstol.no))